



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		12471/2017/K52/&13	Bengt Endreseth	06.02.2017

Vedr. forslag til blokker til utlysning i TFO 2017

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått tilsendt høyring frå Olje- og energidepartementet med forslag til blokker til utlysning i TFO 2017.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vore aktiv i tidlegare uttalar og seinast ved høyring til forslag til TFO 2016.

Ved at vi ikkje har ny vesentleg informasjon til årets runde har vi valt å ikkje sende høyringsinnspel for TFO 2017 i henhold til dykkar høyringsbrev.

Vi vil likevel uttrykke tilfredsheit med at vårt høyringsinnspel til leiteareal i forslag til TFO 2016 synes å vere innfridd. Vi registrerer stor vekt på sørlege delen av Norskehavet.

Det er gjort betydelege investeringar innan petroleumsindustrien og i infrastruktur i den sørlege delen av Norskehavet. Det er derfor vesentleg både ut frå eit samfunns- og bedriftsøkonomisk perspektiv å sikre at petroleumsindustrien også her får tilgang til nytt leiteareal og at hensynet til eksisterande infrastruktur blir vektlagt ved tildeling av nye lisensar.

Med helsing



Jon Aasen